

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

2022



Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen og Sunnfjord.

Styret

Det vart konstituert nytt verneområdestyre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i 2020. Nye styremedlemmer vart oppnemnt etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Den 1.jan 2020 vart dessutan fire kommunar slegne saman til Sunnfjord kommune. Tre av desse gamle kommunane (Naustdal, Førde og Jølster) hadde areal i Naustdal-Gjengedal LVO og representant i styret. No har dei ein felles representant frå Sunnfjord kommune, og verneområdestyret er derfor redusert frå fem til tre medlemmer.

Verneområdestyret for perioden 2020-2023 ser slik ut:

Verv	Namn	Reprenter	Vararepresentant
Leiar	Karoline Bjerkeset	Gloppen kommune	Olav Fuglestrand
Nestleiar	Marius Dalin	Sunnfjord kommune	Siv Karin Hestad
Medlem	Trude Brosvik	Vestland fylkeskommune	Frank-Willy Djupvik

Styret har hatt to styremøte i 2022. Det første var på Teams 25.mars og det andre var i Førde 30.november. Eit møte som var planlagt i oktober vart avlyst grunna sjukdom. Styret har handsama 15 styresaker og fire orienteringssaker i desse to møta.

Styrearbeidet fungerer veldig godt. Vi har eit lite styre, men vi har dyktige, erfarne og engasjerte politikarar i styret. Særleg vil eg trekke fram evna til å heve blikket og sjå langsiktig og prinsipielt på sakene slik at forvaltninga legg seg på ei linje som kan stå seg over tid og som er føreseieleg.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. Dette gjeld dei aller fleste søknader om motorferdsel, mindre byggesaker og organisert ferdsel. I 2022 har verneområdeforvaltaren handsama fire saker med delegert mynde.

2. Saker

Talet på saker i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er på eit lågt til middels nivå samanlikna med andre store verneområde. Saksmengda gjekk ned dei første åra, sidan ein fekk på plass fleirårige løyver for årvisse transportbehov. I 2022 har det vore ganske få saker.

Motorferdsel

Det er eit moderat nivå på mengda motorferdsel og motorferdselsaker i Naustdal-Gjengedal, og talet på motorferdselsaker har gått noko ned siste åra. Nedgangen er truleg tilfeldig, det varierer litt frå år til år kor mange som må fornye løyver osv. Dei fleste sakene er kurante og bygger på forvaltningspraksis.

- Håkon Hjelle Roset fekk løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport av material og inventar til hytte. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Naustdal Røde Kors hjelpekorps fekk avslag på søknad om å køyre kjentmannstur med snøskuter i april (etter at eksisterande løyve hadde gått ut).
- Øyvind Årebrot fekk løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport til hytte. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Dag Bakketun fekk løyve til å transportere gjetarhytte inn i fjellet ovanfor Risbotnen. Transporten vart gjennomført med helikopter. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Organisert ferdse

Nordfjord folkehøgskule fekk løyve til å ha teltleir med inntil 170 overnattande ved Haugen innanfor Storevatnet i Gjengedalen 25.-26.august. Løyvet vart gjeve med delegert mynde. Dette er ein aktivitet som folkehøgskulen har kvart år og får løyve til kvart år. Det at saka vert handsama og må ha løyve er eit høve til å sette naudsynte vilkår, særleg med tanke på avfall, latrine og bålbrenning.

Bygge- og inngrepssaker

- Ola Jan Birkeland fekk løyve til å føre opp ei «markalade» i grindverk på Byrkjeneset i Gjengedalen.
- Det er og verdt å nemne at både gjetarhytta i Risbotnen og naustet ved Kupevatnet vart ført opp i 2022, etter at begge tiltaka har fått løyve tidlegare år.

Administrative saker

- Styret har starta arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.
- Styret har handsama dei faste og årlege sakene som gjeld søknad om tiltaksmidlar og driftsmidlar, og bruk av desse.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsversikt.

2022	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Drift styre	210 000	182 065	95 000	85 330	115 000	96 735
Tiltaksmidlar	800 000	681 485	500 000	435 905	300 000	245 580
Tot	1 010 000	863 550	595 000	521 235	415 000	342 315

Det har vore litt høgare kostnadar i 2022 enn i året før, men auken skuldast nok først og fremst administrative kostnader knytt til forvaltningsknutepunktet og ikkje auka møteverksemd. Styret har ikkje delteke på konferansar eller hatt studietur i 2022. Forbruket av driftsmidlar har vore godt innanfor budsjett.

Naustdal-Gjengedal fekk tildelt 500.000 i tiltaksmidlar, og av desse er det brukt 435.905. Mindreforbruket skuldast hovudsakleg eit tiltak i Angedalen som ikkje vart noko ut av. Meir om bruken av tiltaksmidlar i neste kapittel.

Naustdal-Gjengedal søkte om planmidlar til kartlegging av naturmangfald og naturverdiar i våtmark og kulturlandskap, men det fekk vi ikkje.

4. Tiltak / bruk av midlar

Generelt:

Naustdal-Gjengedal søkte om 710.000 i tiltaksmidlar i 2022, fordelt på 12 ulike tiltak. Alle dei 12 tiltaka vart «godkjent», og vi fekk tildelt ein samla pott på 500.000 til tiltak. Styret fordelte dei midlane på 11 av tiltaka, og det vart jobba med og forbrukt midlar på 10 av dei.

Tiltak	Forbruk
Skjøtsel på Arnestadstøylen	15000
Skjøtsel på og rundt Sandsstøylen	50000
Skjøtsel på og rundt Fitjestøylen	50000
Skjøtsel på og rundt Ryssdalsstøylen	50000
Sti til Byrkjeneset	63330
Sti mellom Ryssdalsstøylen og Kandalstøylen	19300
Tilrettelegging i Botnen/Angedalen	0
Merking og rydding Storevatnet - Longevasshytta	40000
Fjerning av gran	75000
Klopplegging Kandalstøylen - Sørsendalen	23275
Informasjonsskilt	50000
Totalt	435905

Skjøtsel:

Ein stadig aukande del av tiltaksmidlane vert nytta til skjøtsel. Forvaltninga har i 2022 hatt avtale med fire grunneigarlag, som sjølv utfører skjøtsel på og rundt støylane sine. Dette er gode og effektive tiltak, både for grunneigarane og for forvaltninga.

Det har og blitt fjerna ein del gran i 2022, hovudsakleg eit felt som står tett på Ryssdalsstøylen. Fjerninga har både redusert spreinga av gran og andre negative effektar som eit granfelt har på omgjevnadane, og i tillegg gjeve ein vesentleg betre utsikt frå Ryssdalsstøylen mot Gloppefjorden.

Tilrettelegging

I 2022 vart vi ferdige med klopplegginga til Byrkjeneset. Vi har ikkje lagt kloppar heilt inn, men vi har lagt over dei blaute myrpartia. Vi seier oss no ferdige med dette tiltaket, men det vil nok verte litt behov for vedlikehald etter kvart.

Det har og vore gjort nokre mindre tilretteleggingstiltak rundt Kandal, som og har handla om å fullføre påbegynt arbeid. Det har og blitt merka opp att langs dei T-merka rutene som går frå Gjengedalen og Langedalen mot Longevasshytta.

Det var planar om å gjere noko tilretteleggingsarbeid i Angedalen, men dette vart ikkje noko ut av.

Informasjon

Det har ikkje blitt utført informasjonstiltak i 2022, men vi har gjort førehandskjøp om tenester som skal utførast i 2023. Det er snakk om flytting av informasjonsskilt som står langs E39.

5. Rådgjevande utval

Vi har eit breidd samansett Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Utvalet er samansett av ulike brukarinteresser og er rådgjevande overfor verneområdestyret. Rådgjevande utval er samansett slik:

- Indre Sunnfjord turlag – Kjell Arne Hjelbrekke
- Midtre Nordfjord turlag – Katrine Fjellestad Aske
- Førdefjella villreinutval – Torger Eimhjellen
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane – Liv Løken
- Sunnfjord utvikling – Bjørg Kjos-Wenjum
- Visit Nordfjord – Marita Lindvik
- Norges Naturvernforbund Sogn og Fjordane – Erik Solheim
- Nordfjord folkehøgskule – Erlend Aunevik
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Øyvind Hegrenes
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Svein Egil Svorstøl
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Inge Erikstad
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Anne Marie Mjellem
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jan Ove Kornberg
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jostein Fuglestrand

Rådgjevande utval har hatt eitt møte i 2022. Det var 7.oktober på Skei i Jølster. Der deltok sju av representantane frå utvalet, i tillegg til representant frå styret, verneområdeforvaltar og naturoppsyn.

6. Administrativt kontaktutval

I 2021 vart det oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Naustdal-Gjengedal LVO og Ålfotbreen LVO. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. Administrativt kontaktutval hadde kombinert møte og synfaring 22.juni 2022, i Gloppen.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Torbjørn Brandsæter – Gloppen kommune
- Jon Anders Stavang – Kinn kommune
- Bjørn Henry Marthinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Røyrvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i Kraftbygget i Sandane sentrum (Sørstrandsvegen 9, andre etasje).

Etter å ha jobba med prosjekt i eit par år, var Rune Holen attende som fast naturoppsyn for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen i 2022. Naturoppsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltninga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak. Samarbeidet med SNO er særst godt!

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2022 vore kontorplass for verneområdeforvaltaren, begge dei to naturoppsynstillingane og for nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særst godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt. Vi har i 2022 flytta forvaltningsknutepunktet om lag 200 meter frå Krånavegen til Kraftbygget i Sørstrandsvegen 9. Der flytta vi inn i nyoppussa og godt tilrettelagte lokale, og vi fekk ein meir langsiktig og føreseieleg husleigeavtale.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ingen fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og eit visst ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særst godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på:

- Ingen relevante i 2022

Føredrag

- Føredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 22.mars

Møteverksemd

- Avdelingsmøter, seksjonssamling og andre interne møter hjå Statsforvaltaren.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.
- Deltaking i fleire team innan offentlege innkjøp og utarbeiding av rammeavtaler.

I tillegg til arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga som verneområdeforvaltar, utfører forvaltaren ein del oppgåver for Statsforvaltaren, særleg innan forvaltninga av villrein.

Mykje av møteverksemda vert gjennomført digitalt, ved hjelp av Teams eller andre plattformer. I 2022 har dette først og fremst vore av omsyn til effektivitet og sparte kostnader, og ikkje lenger so mykje knytt til smittevern.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på nokre synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

8. Bilete frå 2022



Bilete 1. Turfølgje ved varden på Blåfjellet, 1390 moh på grensa mellom Sunnfjord og Gloppen



Bilete 2. Avslutninga av klopplegginga langs stien til Byrkjeneset. Herifrå er det ganske tørt og fint å gå langs stranda.



Bilete 3. Under bygginga av naustet ved Kupevatnet. Foto: Inge Erikstad



Bilete 4. Ferdig bygd naust ved Kupevatnet i Jølster. Foto: Inge Erikstad



Bilete 5. Utsikt frå Osmundnesskaret mot Hyefjorden og Holme i Hyen.



Bilete 6. Utsikt frå Ryssdalsstøylen mot Gloppefjorden etter skjøtsel og granrydding.
Foto: Svein Ryssdalsnes



Bilete 7. Ryssdalsstøylen etter skjøtselstiltak. Foto: Svein Ryssdalsnes.